

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 12. februar 2018

Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2018
Prioritering av Regionrådet

Me viser til skriv frå Fylkesmannen til kommunane datert 19.12.2017 om skjønsmidlar og om krav og retningsliner for søknadane

Fylkesmannen har sett av kr 31,0 mill. som vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og til generell fordeling gjennom året der t.d. uventa hendingar vil bli teke omsyn til.

Me minner om at Regionråda har ei koordinerande rolle, skal vurdere søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane. Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar bl.a. fordi ein ynskjer at prosjektmidlane skal ha større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Fylkesmannen er ansvarleg for sjølv tildelinga, men vil byggja denne på prioriteringane frå Regionråda, og dei ynskjer at Regionråda skal bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Alle søknadar som gjeld forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2018.

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusere klimagassutslepp, t.d.:
 - planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
 - tiltak etter vassforskrifta
 - planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i sam-arbeid med landbruket
4. Interkommunalt planarbeid:
 - interkommunalt planarbeid i kommunar som skal slå seg saman
 - prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
 - oppdrett / akvakultur
 - om massedeponi.

5. Samarbeidsprosjekt av større omfang innanfor IKT og digitalisering som bidreg til at alle kommunane (fylkesnivå/regionnivå) får tilgang til felles kompetanse- og teknologiplatformer.
6. Interkommunale utviklingsprosjekt som bidreg til effektivt tenestesamarbeid i regionar/ område der det har oppstått uføresette endringar som følgje av kommune-reforma.

Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 16. mars .

Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.

For at Regionrådet i Nordhordland skal kunne prioritera og grunngje denne, må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ein projektskisse av prosjektet til post@nordhordland.net seinast **innan fredag 2. mars**.

Kopi av endeleg søknad, må sendast Nordhordland Utviklingsselskap IKS, post@nordhordland.net **innan fredag 16. mars**.

Søknadsskjema 2018 ligg på database. <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Me viser elles til detaljer i skrivet frå Fylkesmannen. Ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål eller gode prosjekt de vil diskutera. Det vil også vera stor fordel om kommunane melder tilbake kva prosjekt som kan vera aktuelt å søkja så tidleg så mogleg.

Kontaktperson er Rune Heradstveit, mobil 907 53 459, eller e-post: rune@nordhordland.net

Med venleg helsing



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Skriv frå Fylkesmannen datert 19. desember 2017 «Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt kommunane – 2018